

Hammar-Kameratane AS
 Hella 60
 5936 MANGER

Referanser:
 Dykkar:
 Vår: 20/10142 - 20/30803

Saksbehandlar:
 Linda Hammersvik Folkestad
 linda.folkestad@alver.kommune.no

Dato:
 26.05.2020

Svar på søknad om dispensasjon fra avstandskrav til kommunalt leidningsnett - GBNR 425/81 Haugland.

Tiltak: Dispensasjon fra avstandskrav til offentleg leidningsnett – garasje.
Byggestad: GBNR 425/81, Bøtjørnvegen 84, 5937 Bøvågen.
Tiltakshavar: Erlend Rikstad/ Karoline H. Geitle
Ansvarleg søker: Hammar-Kameratane AS

Saka gjeld søknad om dispensasjon fra avstandskrav til kommunalt leidningsnett, Gbnr 425/81 Haugland.

Sakutgreiing:



Informasjon om saka:

Tilhakshavar ynskjer å bygge ei garasje med ei avstand på 2,6 meter til nærmeste del av kommunalt leidningsnett. Stadlege grunnforhold gjer det særslig vanskeleg å trekke garasje lenger inn på tomta. Det vert difor søkt om dispensasjon fra avstandskrav på 4,0 meter frå kommunalt leidningsnett.

Vurdering/drøfting:

Avstand mellom kommunalt avløpsnett og garasje er antatt å være ca 2,6 meter. Kommunalt leidningsnett er ikkje målt inn. Radøy kommune har i 2019 målt inn kommunale kummer. Leidninger som er vist på VA kart er difor orienterande. På VA kart er avløpsnett plassert igjennom skjering som ein ynskjer å fjerne. Innmålar av kummer har gitt tilbakemelding til samferdsel, veg-, vatn og avløp forvaltning om at det er lite sannsynlig at leidningsnettet er lagt i borehol gjennom skjeringa. Han meiner at leidningsnett må ligge i kommunal veggrøft og viser til at nøyaktig plassering av leidningsnett ikkje er kjent.

Slik kommunen ser det vil fjerning av knaus betre forholda rundt kommunal snuhammar. Da spesielt med omsyn på drift og vedlikehald av veg.




Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug
 Innbyggjarservice: +47 56 37 50
 00

post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 13207 29 30559
 Organisasjonsnummer: 920 290 922



Alver kommune ved samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning kan ikke sjå at det er noko som tilseier at ein ikkje kan gje dispensasjon frå avstandskrav til kommunalt leidningsnett på vilkår.

Vedtak:

Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning gir, med heimel i «Standard abonnementsvilkår for vann og avløp – Administrative bestemmelser», dispensasjon frå avstandskrav til kommunalt leidningsnett på følgjande vilkår:

- Minste avstand mellom garasjen og kommunalt leidningsnett skal være 2,6 meter.
- Garasje skal være fundamentert direkte på fast fjell eller under botn kommunalt leidningsnett. Fundamentering skal ikkje være pakka pukk då dette kan rase ut ved arbeid på kommunalt leidningsnett.
- Dispensasjonen føreset at det vert gitt byggeløyve for tiltaket.
- Ved oppstart av arbeid, ta kontakt med avdeling for drift og vedlikehald av kommunalt leidningsnett slik at dei kan vurdere om dei ynskjer å følgje opp arbeid. Vilkår er satt med grunngjeving i at ein ikkje veit nøyaktig plassering av leidningsnett.
- Alver kommune fråseier seg alt ansvar for skader som oppstår på garasje under drift og vedlikehald av kommunalteknisk anlegg (veg, vatn og avløp). Dersom det oppstår skader på garasje under drift og vedlikehald av kommunalteknisk anlegg, som følgje av garasjen sin plassering, er dette kommunen utedkomande. Eigar av garasje må sjølv sørge for og påkoste utbetring av eventuelle skader.

Vi gjer merksam på at tiltaket er søknadspliktig etter plan og bygningslova.

Heimel

Enkeltvedtak er fatta med heimel i «Standard abonnementsvilkår for vann og avløp – Administrative bestemmelser, avsnitt 3.4 om bygging nær offentlig vann- og avløpsanlegg». Krav til avstand er satt for å sikre at bygg, inkl. garasjer og murer, ikkje vert plassert slik at dei er til ulykke for drift og vedlikehald av kommunalt leidningsnett.

Klage

Enkeltvedtak fatta med heimel i «Standard abonnementsvilkår for vatn og avløp – Admininistrative bestemmelsen» følgjer privatrettslege reglar. Kommunen nyttar sin private råderett over eige vass- og avløpsnett. Enkeltvedtak som vetr fatta med heimel i dette regelverket anses ikkje som utøving av offentleg mynde og ein har difor ikkje formell klageadgang.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Med helsing

Arne Helgesen

Avdelingsleiar

Samferdsel, veg-, vatn- avløp-forvaltning

Linda Hammersvik Folkestad

Ingeniør

Samferdsel, veg-, vatn- avløp-forvaltning

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Alver kommune ved byggesak

Mottakarar:

Hammar-Kameratane AS

Hella 60

5936

MANGER